



DET KONGELEGE  
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

# Prop. 94 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (patentstyrelova)

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet 27. april 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Hovudinnhaldet i proposisjonen**

Nærings- og handelsdepartementet fremjar med dette eit forslag til lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (Patentstyrelova). Lova skal erstatte lov 2. juli 1910 nr. 7 om Styret for det industrielle Retsvern.

Bakgrunnen for forslaget er eit generelt behov for revisjon og modernisering av den gjeldande lova. I tillegg er det ønskjeleg å gjere nokre endringar i organiseringa av Patentstyret og regulere nokre tilhøve som ikkje er regulerte i gjeldande lov. I St.meld. nr. 7 (2008-2009) Et nyskapende og bærekraftig Norge blir behovet for å revidere lova av 1910 omtala på side 63.

Forslaget til ny lov regulerer organiseringa av og saksbehandlinga i Patentstyret.

Det blir foreslått at Patentstyrets direktør skal tilsetjast som tenestemann på åremål for inntil seks år, med høve til å fornye åremålsperioden éin gong. Etter gjeldande lov blir direktøren utnemnd som embetsmann utan tidsavgrensing.

Det blir vidare foreslått å opprette ei eiga Klagenemnd for industrielle rettar som skal behandle klager over avgjerdene tekne av Patentstyret. Klagenemnda skal erstatte Patentstyrets andre avdeling som er klageinstans i dag. Klagenemnda skal vere eit eige uavhengig organ.

For å tydeleggjere at munnlege forhandlingar mellom partar og møte med ein part kan vere eit

viktig verkemiddel for å sikre ei best mogleg opplysning av ei sak, blir det foreslått særskilte reglar om munnlege forhandlingar og møte. Etter forslaget skal Patentstyret og Klagenemnda på alle trinn i saksbehandlinga av eige tiltak vurdere om det er føremålstenleg å halde munnlege forhandlingar eller møte. Dersom ein part, som har sakleg grunn for det, krev at det skal haldast møte eller munnlege forhandlingar, skal Patentstyret eller Klagenemnda etterkome kravet i den grad ei for-svarleg utføring av tenesta tillèt det.

For å sikre at ordninga med administrativ overprøving av registrerte industrielle rettar i Patentstyret skal vere eit godt alternativ til å reise rettsak for domstolane blir det foreslått reglar som gir høve til å tilkjenne sakskostnader i slike saker.

### **2 Bakgrunnen for forslaget**

#### **2.1 Nærmare om Patentstyret**

Styret for det industrielle rettsvern (kortnemning: Patentstyret) vart etablert i 1911. Patentstyret er eit statleg organ, administrativt underlagt Nærings- og handelsdepartementet. Patentstyret har i dag om lag 260 tilsette.

Gjennom prosjektet SANT gjekk verksemda frå og med 2004 gradvis over til elektronisk saksbehandling.

Med verknad frå 1. januar 2008 blei Noreg medlem i Den europeiske patentorganisasjonen. Dette har medført vesentlege endringar i drifta til Patentstyret. I hovudsak er det er blitt færre nasjonale patentsøknader, fordi søkjarane i dag også kan søkje om patent som gjeld for Noreg hos Det europeiske patentverket.

Frå same dato tok Patentstyret til å samarbeide med det danske og det islandske patentverket gjennom Nordisk patentinstitutt.

## 2.2 Gjeldande rett

I høyringsnotatet av juni 2011 er det gjort slik greie for lov 2. juli 1910 nr. 7 om Styret for det industrielle Retsvern:

«Patentstyrets organisering, virksomhet og noen grunnleggende saksbehandlingsregler er i dag regulert i lov 2. juli 1910 nr. 7 om Styret for det industrielle Retsvern.

Patentstyret er organisert i to avdelinger: Første avdeling som behandler og avgjør sakene i første instans, og Annen avdeling som er klageinstans for saker avgjort av Første avdeling. Patentstyret behandler og avgjør saker om patent, varemerke og design. Patentstyret behandler vidare saker om administrativ overprøving av foretaksnavn begrunnet i at foretaksnavnet er registrert i strid med en eldre rett og søknader om registrering av ansvarsmerker. Patentstyrets Annen avdeling er også klageinstans for vedtak om planteforedlerrett i Plantesortsnemnda.

Selv om dette ikke kommer direkte til uttrykk i loven, har det lenge vært antatt at Patentstyret er uavhengig ved behandlingen av enkeltsaker om industrielle rettigheter og ikke kan instrueres av Kongen eller departementene verken når det gjelder generell lovtolkning eller avgjørelsen av den enkelte sak, jf. St.meld. nr. 8 (1990–1991) (pkt. 12.2.4, s. 84).

Det følger av § 1 første ledd i gjeldende lov at Patentstyret skal være sammensatt av teknisk kyndige, handelskyndige og rettskyndige medlemmer, der de sistnevnte skal oppfylle kravene til å være dommer. Etter § 1 annet ledd skal Patentstyret ledes av en sjef som utnevnes av Kongen. Det fremgår av § 1 tredje ledd at de øvrige medlemmer tilsettes av Kongen uten å utnevnes som embetsmenn, enten som faste medlemmer eller for et tidsrom på fem år. Av

dette følger at Patentstyrets direktør er den eneste av de ansatte som er embetsmann. «De øvrige medlemmer» er i denne sammenhengen medlemmene i Annen avdeling. Patentstyrets direktør er formann for Annen avdeling, jf. § 3 første ledd annet punktum, mens Kongen utpeker varamann for formannen, jf. § 3 første ledd tredje punktum. For tiden er det én fast varaformann med juridisk bakgrunn.

Ettersom Patentstyret har egen klageavdeling (Annen avdeling) og det er fastsatt særlige regler om klage, følger det av loven § 2 første ledd fjerde punktum at forvaltningslovens regler om klage og omgjøring ikke gjelder ved behandlingen av sakene i Patentstyret. Klage-reglene fremgår av de enkelte lovene om det industrielle rettsvern.

Loven §§ 5 til 10 inneholder saksbehandlingsregler for Patentstyrets behandling av saker om industrielle rettigheter. Dette omfatter bl.a. bestemmelser om sammensetningen av Annen avdelings utvalg, habilitet for Patentstyrets medlemmer, tilkalling av sakkyndige, styrets utrednings- og informasjonsplikt, begrunnelsesplikt og adgang til retting.

For øvrig er det bestemmelser om Patentstyrets informasjonstjeneste, føring av registre og utgivelse av en tidende med kunngjøringar. Videre gir § 14 en bestemmelse om at retten i bl.a. ugyldighetssaker skal sende Patentstyret utskrift av de dommene som avses.

Det er fastsatt tre forskrifter med hjemmel i styreloven: Forskrift 25. august 1911 nr. 3743 om sammensetningen av og forretningsordenen ved Styrets annen avdeling, forskrift 1. november 1992 nr. 780 om organiseringen av og saksbehandlingen i første avdeling i Styret for det industrielle rettsvern og forskrift 21. november 2000 nr. 1165 om forundersøkelser i Patentstyret.»

## 2.3 Forslaget i høyringsnotatet

Høyringsnotatet av juni 2011 inneheldt eit forslag til lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar. I høyringsnotatet er det gitt slik utgreiing for forslaget:

«Etter departementets syn bør Patentstyrets oppgaver og formål fremgå av loven. Det foreslås derfor at en bestemmelse som angir dette tas inn først i loven.

Prinsippet om at Patentstyret er uavhengig ved behandling av enkeltsaker om industrielle rettigheter er så viktig og grunnleggende at

departementet foreslår at det kommer direkte til uttrykk i loven.

Patentstyrets direktør utnevnes i dag som embetsmann. Hensynet til Patentstyrets uavhengighet tilsier at direktøren fortsatt bør utnevnes som embetsmann. Patentstyrets ansvarsområde er meget dynamisk både på det nasjonale og det internasjonale plan. Dette medfører at det stadig stilles nye krav til virksomheten. Departementet foreslår på denne bakgrunn at direktøren bør utnevnes på åremål for inntil seks år, og at åremålstilsettingen bør kunne gjentas én gang for ytterligere seks år etter ny utlysning.

Patentstyrets annen avdeling, som behandler klager over avgjørelser fra Patentstyrets første avdeling, er i dag formelt sett en integrert del av Patentstyret. Patentstyrets direktør er ifølge en eksplisitt bestemmelse i gjeldende lov leder for Annen avdeling.

Selv om Annen avdeling reelt sett allerede i dag er faglig uavhengig fra Patentstyrets søknadsbehandlingsvirksomhet i første instans, tilsier sterke prinsipielle grunner at klageinstansen både reelt og formelt bør sikres uavhengighet fra førsteinstansen og andre. Departementet foreslår derfor at det opprettes en egen klagenemnd for industrielle rettigheter til erstatning for Patentstyrets Annen avdeling. Denne klagenemnden bør organiseres som et eget organ med en egen leder, slik at Patentstyrets direktør ikke lenger har noen rolle i klagebehandlingen. Videre bør det fremgå klart at klagenemnden er uavhengig og ikke kan instrueres ved klagesaksbehandlingen.

Når det gjelder organiseringen av klagenemnden, bør den ha en leder og en nestleder. Disse bør fylle kravene etter domstoloven § 54 første ledd. Nemnden bør for øvrig ha så mange medlemmer som anses tilstrekkelig for at den skal kunne utføre sine oppgaver. Det foreslås at nemndens medlemmer oppnevnes av departementet for en periode på inntil fem år. For å sikre uavhengigheten foreslås det at ansatte i Patentstyret ikke kan være medlemmer av Klagenemnden.

Departementet foreslår at navnet «Styret for det industrielle rettsvern» utgår, og at bare «Patentstyret» skal brukes i lovgivningen i fremtiden. Klagenemnden foreslås betegnet «Klagenemnden for industrielle rettigheter». Betegnelsene «Første avdeling» og «Annen avdeling» vil følgelig utgå.

Patentstyret kan i dag gi sakens parter og andre personer adgang til å avgi muntlig forklaring, jf. styreloven § 7 annet ledd. Etter forvaltningsloven § 11 d skal en part som har saklig grunn for det, gis adgang til å tale muntlig med en tjenestemann ved det forvaltningsorgan som behandler saken i den utstrekning en forsvarelig utførelse av tjenesten tillater det. Ved behandlingen av krav om administrativ overprøving i varemerkesaker er det videre innført en plikt for Patentstyret til å vurdere om det er hensiktsmessig å innkalle partene til et møte, jf. varemerkeforskriften § 28 første ledd fjerde punktum.

Det foreslås – i tråd med bestemmelsen i varemerkeforskriften – at det i alle saker om innsigelse og administrativ overprøving tas inn en generell bestemmelse i loven som pålegger Patentstyret og Klagenemnden å vurdere om det i stedet for ytterligere skriftlig behandling av uavklarte forhold er hensiktsmessig å innkalle partene til muntlige forhandlinger.

Muntlige forhandlinger kan i noen tilfeller bidra til en raskere og bedre opplysning av saken. Ordningen kan f.eks. tenkes brukt som et alternativ i enkelte saker om administrativ overprøving av varemerkeregistreringer, der Patentstyret ellers ville avvist kravet etter hjemmelen i varemerkeloven § 40 annet ledd tredje punktum fordi saken pga. behov for f.eks. omfattende bevisførsel ikke egner seg for administrativ avgjørelse. Noe mer bruk av muntlige forhandlinger vil dessuten kunne bidra til at administrativ overprøving styrkes som et effektivt alternativ til domstolsbehandling.

Som et annet tiltak for å sikre at ordningen med administrativ overprøving blir et effektivt alternativ til domstolsbehandling, foreslår departementet at det innføres en adgang for Patentstyret og Klagenemnden til å tilkjenne en part som har fått medhold i et krav om administrativ overprøving saksomkostninger fra den annen part.

Departementet foreslår at følgende bestemmelser i gjeldende lov ikke blir videreført:

- § 6 tredje ledd om at det kan tilkalles sakkyndige som ikke er medlemmer av Patentstyret til rådslagning ved behandling av saker i utvalgene
- § 7 første ledd om Patentstyrets utredningsplikt
- § 8 om at det kan avholdes bevisopptak til opplysning av saken
- § 9 om informasjonsplikt
- § 10 første ledd om at Patentstyrets avgjørelser skal begrunnes

- § 10 annet ledd om Patentstyrets adgang til å rette en avgjørelse
- § 13 om føring av registre og utgivelse av en tidende med kunngjøringer
- § 14 om at retten i bl.a. ugyldighetssaker skal sende Patentstyret utskrift av de dommene som avsies

Bakgrunnen for dette er at bestemmelsene enten ikke har hatt noen praktisk betydning eller at de regulerer forhold som allerede er regulert i forvaltningsloven, i de enkelte lovene om det industrielle rettsvern eller følger av alminnelige forvaltningsrettslige prinsipper.»

## 2.4 Høyringa

Høyringsnotat av juni 2011 med forslag til ny lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar vart sendt på høyring 14. juli 2011 med svarfrist 1. september 2011 til følgjande instansar:

Departementa  
Høgsterett  
Borgarting lagmannsrett  
Oslo tingrett

Difi (Direktoratet for forvaltning og IKT)  
Domstolsadministrasjonen  
Forbrukarombodet  
Innovasjon Noreg  
Konkurransetilsynet  
Noregs Forskingsråd  
Norsk designråd  
Norsk språkråd  
Patentstyret  
Plantesortsnemnda  
Regjeringsadvokaten  
Statens legemiddelverk  
Toll- og avgiftsdirektoratet

Landsorganisasjonen i Norge (LO)  
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)  
Norsk Industri  
Hovedorganisasjonen Virke (tidlegare Handels- og servicenæringens hovedorganisasjon HSH)  
Abelia  
IKT-Norge  
Finansnæringens hovedorganisasjon  
Bedriftsforbundet  
Legemiddelindustriforeningen (LMI)  
NIGeL – Norsk Industriforening for Generiske Legemidler  
Advokatforeningen  
Business Software Alliance (BSA)

Gramo  
IFPI Norge  
NACG – Norwegian Anti-Counterfeit Group (NACG)  
Norsk forening for industriell rettsbeskyttelse (NIR)  
Norske Patentingeniørers Forening (NPF)  
Norsk forening for industriens patentingeniører (NIP)  
Norsk oppfinnerforening  
Norske industridesignere  
Norsk såvareforening

Alpharma AS  
Aqua Gen AS  
Dynal Biotech AS  
GE Healthcare AS Oslo  
Inven2  
Laerdal Medical AS  
Norsk Hydro ASA  
Opera Software ASA  
Onsagers AS  
Oslo Patentkontor AS  
Statoil ASA  
Tandbergs Patentkontor AS  
Telenor AS  
Xellia AS  
Zacco Norge

Advokatfirmaet Thommessen  
Advokatfirmaet Schjødt DA  
Advokatfirmaet Hjort DA  
Advokatfirmaet Føyen DA  
Advokatfirmaet Arntzen de Besche  
Advokatfirmaet Bugge, Arentz-Hansen & Rasmussen (BA-HR)

Handelshøyskolen BI  
Noregs Handelshøgskole (NHH)  
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU)  
Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB)  
Universitetet i Agder  
Universitetet i Bergen  
Universitetet i Oslo  
Universitetet i Tromsø  
Universitetet i Stavanger  
Fridtjof Nansens Institutt (FNI)

Følgjande har uttalt at dei ikkje vil gje fråsegn i saka, eller at dei ikkje har merknader til forslaget:

Arbeidsdepartementet  
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Fiskeri- og kystdepartementet  
 Justisdepartementet  
 Kunnskapsdepartementet  
 Kulturdepartementet  
 Landbruks- og matdepartementet  
 Samferdselsdepartementet  
 Utanriksdepartementet  
 Noregs Høgsterett  
 Domstolsadministrasjonen  
 Plantesortsnemnda  
 Statens legemiddelverk

Følgjande har uttalt seg om realiteten i forslaget:

Helse- og omsorgsdepartementet  
 Patentstyret  
 Innovasjon Noreg  
 Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)  
 Regjeringsadvokaten  
 Toll- og avgiftsdirektoratet  
 Advokatforeningen  
 Landsorganisasjonen i Norge  
 Næringslivets hovedorganisasjon (NHO)  
 Hovedorganisasjonen Virke  
 Norsk Forening for industriens patentingeniører (NIP)  
 Norske patentingeniørers forening (NPF)  
 Arntzen de Besche Advokatfirma AS  
 Advokatfirmaet Hjort  
 Norsk Hydro ASA  
 GE Healthcare AS

*Advokatforeningen, Arntzen de Besche, Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI), Hovedorganisasjonen Virke, Landsorganisasjonen i Norge, Norske Patentingeniørers forening (NPF), Innovasjon Noreg og Patentstyret støttar eller uttalar seg positivt om hovudtrekka i forslaget til ny lov.*

*Difi og Patentstyret støttar forslaget om at lova skal ha ein paragraf der Patentstyrets oppgåver og formål kjem fram.*

*Arntzen de Besche meiner at det overordna formålet for Patentstyret er å være eit kompetansesenter for industrielle rettar, og at dette burde vore meir framheva i føresegna om oppgåver og formål. Det blir vidare halde fram at føresegna ikkje bør spesifisere kva slag tenester Patentstyret kan tilby, men at ho i staden bør fastsette at Patentstyret generelt kan tilby tenester innanfor rammene av formålet til verksemda. På denne bakgrunn blir det foreslått ei alternativ formulering av føresegna om oppgåver og formål.*

*Helse- og omsorgsdepartementet meiner det er uheldig at omgrepet industrielle rettar ikkje blir*

definert direkte i føresegna om oppgåver og formål.

*Advokatforeningen og Arntzen de Besche støttar at det skal gå fram av lova at Patentstyret er uavhengig ved behandling av saker etter lovgivinga om industrielle rettar. Difi meiner at forslaget står fram som klart og konsistent ved at det går fram i kva samanhengar Patentstyret er uavhengig.*

*NHO og NPF støttar forslaget om at direktørstillinga i Patentstyret skal vere på åremål. Arntzen de Besche og Patentstyret støttar også dette forslaget, men meiner at det bør vere høve til å fornye åremålsperioden meir enn éin gong. Arntzen de Besche stiller også spørsmål ved om det er grunn til at Patentstyrets direktør skal utnemnast som embetsmann.*

*Arntzen de Besche meiner at det ikkje er nødvendig med føresegner i lova som seier noko om kva for kompetanse dei tilsette i Patentstyret skal ha.*

*NPF saknar ei utdjuing av kva for kompetanse teknisk- og handelskunnige tilsette i Patentstyret og medlemmer av Klagenemnda skal ha.*

*Advokatforeningen, Advokatfirmaet Hjort, GE Healthcare, NHO, Norsk Hydro, NIP, NPF og Patentstyret støttar forslaget om at det blir oppretta ei eige uavhengig klagenemnd som skal erstatte Patentstyrets andre avdeling.*

*Arntzen de Besche og Patentstyret peiker på at sakstilfanget til Klagenemnda vil vere avgrensa, og at dette tilseier at det bør vere eit administrativt samarbeid og samlokalisering mellom Klagenemnda og Patentstyret når det gjeld sekretariatsfunksjonane.*

*Advokatforeningen og Arntzen de Besche ser positivt på at det går fram av lova at Kongen eller departementet ikkje kan instruere Klagenemnda ved behandling av saker etter lovgivinga om industrielle rettar, og heller ikkje gjere om nemnda sine avgjerder i slike klagesaker. Difi meiner at desse reglane er klare og konsistente.*

*Arntzen de Besche meiner at det også bør presiserast at nemnda sjølv skal ivareta statens interesser som saksøkt når ei avgjerd frå nemnda blir bragt inn for retten, og at nemnda ikkje skal kunne instruerast med omsyn til handteringa av rettsaker, medrekna bruk av rettsmiddel. Også Regjeringsadvokaten meiner at nemnda bør ivareta statens interesser som saksøkt når ei avgjerd frå nemnda blir bragt inn for retten.*

*GE Healthcare, Norsk Hydro og NIP er ueinig i forslaget om at det blir kravd at leiar og nestleiar i Klagenemnda må oppfylle krava til dommarar, som blant anna inneber at dei må ha juridisk embetseksamen eller mastergrad i rettsvitenskap.*

Desse kan ikkje sjå at det er nødvendig med juridisk kompetanse, og at teknisk kompetanse er vel så relevant for leiar og nestleiar i klagenemnda. *Arntzen de Besche* meiner det ikkje er behov for reglar om kva kompetanse leiar og nestleiar i Klagenemnda skal ha.

*Arntzen de Besche* meiner at høvet for Klagenemndas leiar eller nestleiar til å avgjere ei klagesak aleine berre bør gjelde for klager som ikkje gjeld saka si realitet. *Arntzen de Besche* meiner vidare at føresegna om kva avgjerda til Klagenemnda kan gå ut på, bør sløyfast.

*NPF* meiner at det bør vurderast å ta inn ei føresegn i lova om at Patentstyret og Klagenemnda ikkje har noko alminneleg høve til å gjere om sine avgjerder.

*GE Healthcare* og *NHO* er positive til forslaget om at Patentstyret og Klagenemnda i motsegnssaker og saker om administrativ overprøving skal vurdere om det i staden for ytterlegare skriftleg behandling vil vere føremålstenleg å kalle inn til munnlege forhandlingar. *NHO* meiner at det i tillegg burde vore vurdert å gi partane høve til å krevje munnlege forhandlingar.

*GE Healthcare*, *Norsk Hydro* og *NIP* meiner at alle partar både i saker for Patentstyret og Klagenemnda bør ha rett til å krevje at det skal haldast munnlege forhandlingar. Det blir blant anna vist til at det finst reglar om dette i Den europeiske patentkonvensjonen.

*Advokatfirmaet Hjort* meiner at det i enkelte tilfelle kan vere føremålstenleg å kalle inn til munnlege forhandlingar, men at det ikkje alltid vil vere slik, f.eks. når en av partane er heimehørande i utlandet.

*NHO* støttar forslaget om at det skal kunne tilkjennast sakskostnader i saker om administrativ overprøving.

*Advokatfirmaet Hjort* et einig i at det i nokre tilfelle kan vere føremålstenleg at Patentstyret og Klagenemnda kan tilkjenne sakskostnader, men meiner at regelen bør gi større høve til å frita den tapande part frå kostnadsansvar.

*Norsk Hydro* og *NIP* går imot forslaget om at Patentstyret og Klagenemnda skal kunne tilkjenne sakskostnader i saker om administrativ overprøving. Dei framhevar at forslaget vil motverke at administrativ overprøving blir eit godt alternativ til domstolsbehandling, og at det vil gjere sakene meir komplekse.

*Patentstyret* peikar på at når det blir kravd administrativ overprøving på design- og foretaknamneområdet vil det ofte vere første gong materielle registreringsvilkår blir prøvd. Grunnen til det er at det på desse områda gjeld eit system med

avgrensa obligatorisk forprøving. Ut frå dette er det ikkje rimeleg med ein hovudregel om at den tapande part skal kunne påleggjast kostnadsansvar ved administrativ overprøving av design og foretaksnamn,

*Arntzen de Besche* peikar på at det økonomiske og juridiske skjønnet som skal utøvast ved saks-kostnadsavgjerder kan vere komplisert, og at det bør vurderast å få på plass ei ordning som sikrar at juridisk kompetanse blir trekt inn i desse vurderingane. *Arntzen de Besche* ber også om at det blir teke inn ei føresegn i lova om at klagegebyr skal betalast tilbake i tilfelle der klagen skuldast ei klar saksbehandlingsfeil hos Patentstyret. Ein slike regel bør gjelde i alle klagesaker.

*Arntzen de Besche* meiner at føresegna i gjeldande lov om at Andre avdeling kan tilkalle sakkunnige som ikkje er medlemmer av Andre avdeling til rådslagingar, bør vidareførast.

*Advokatforeningen* er overraska over at lovforslaget ikkje regulerer krav til effektiv og rask saksbehandling og saksavvikling i Patentstyret og Klagenemnda. Advokatforeningen ber om at det blir gitt føresegner i lova eller forskrifta som kan sikre raskare saksbehandling hos Klagenemnda, blant anna kortare svarfristar for partane.

### 3 Departementets vurderingar

Departementet konstaterer at høyringa gir god støtte for at det bør fremjast forslag om ein ny lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar. Departementet følgjer opp forslaget, men foreslår likevel nokre justeringar på grunnlag av det som har kome fram under høyringa.

Forslaget om at lova skal starte med ei føresegn som fastslår kva oppgåver og formål Patentstyret har, blir fulgt opp. Patentstyrets primære oppgåve er å behandle saker om registrering av rettar mv. etter lovgivinga om det industrielle rettsvern. Denne oppgåva bør difor nemnast først. Kva som meinast med industrielle rettar går fram av dei enkelte lovene, og det er ikkje ønskelig å definere dette nærare i patentstyrelova. Føresegna bør vidare slå fast at Patentstyret kan utføre informasjonstenester og skal legge til rette for innovasjon og verdiskaping ved å vere eit kompetansesenter for industrielle rettar.

Departementet følgjer opp forslaget om at det skal gå fram av lova at Patentstyret er uavhengig ved handlinga av saker etter lovgivinga om det industrielle rettsvern. I eitt tilfelle kan ei avgjerd frå Patentstyret bringast direkte inn for retten utan at det er nødvendig å klage på avgjerda først.

Dette gjeld når Patentstyret tek eit krav om administrativ overprøving heilt eller delvis til følgje, jf. patentlova § 52 e andre ledd første punktum. Patentstyrets uavhengighet bør gjelde også ved handteringa av slike søksmål. Det føreslås derfor at det skal gå fram av Patentstyrelova at Patentstyret ikkje kan instruerast om handteringa av slike søksmål, og at det skal gå fram av patentlova at søksmålet skal rettast mot staten ved Patentstyret.

Departementet held fast ved forslaget om at Patentstyrets direktør skal tilsetjast som tenestemann av Kongen i statsråd, i samsvar med det som er ein av dei vanlege ordningane for leiarstillingar i samanliknbare statlege verksemdar. I avveginga av om direktøren bør tilsetjast som tenestemann eller embetsmann, har departementet kome til at direktøren bør tilsetjast som tenestemann. Dette er i samsvar med tilsetjingsforma for dei andre etatsleiarane under departementet. Departementet har ikkje funne grunn til å vidareføre forslaget om at det skal gå fram av ei føresegn i lova kva for kompetanse dei tilsette i Patentstyret skal ha. Det vil vere opp til verksemda innanfor gjeldande budsjettammer å sikre at ho har den nødvendige kompetanse innanfor dei ulike felt.

Forslaget om at det bør opprettast ei uavhengig klagenemnd til erstatning for Patentstyrets andre avdeling har fått brei oppslutning under høyringa, og blir følgd opp. I tillegg til føresegnene som fastslår at Klagenemnda ikkje kan instruerast om behandlinga av klager, og at departementet og Kongen ikkje kan gjere om avgjerdene, bør det også gå fram av lova at Klagenemnda ikkje kan instruerast om handteringa av søksmål mot klageavgjerder frå nemnda i saker etter lovgivinga om industrielle rettar. Vidare bør det i dei enkelte lovene om det industrielle rettsvern takast inn føresegnar som slår fast at slike søksmål skal rettast mot staten ved Klagenemnda. Dette vil sikre at nemnda er uavhengig i alle samanhengar når det gjeld saker etter lovgivinga om industrielle rettar.

Departementet har kome til at leiaren og nestleiar i Klagenemnda bør tilsetjast i fast stilling på full tid. Dette vil leggje til rette for kontinuitet og effektiv og rask saksavvikling, samtidig som det vil vere viktig for å sikre uavhengigheita til nemnda. Dei andre medlemmene i nemnda bør som i dag ha vervet på deltid, og oppnemnast for ein bestemt periode (inntil fem år) med høve til ny oppnemning fleire gongar. Departementet held fast på forslaget om at leiar og nestleiar bør oppfylle kravet til dommarar. Bortsett frå at juridisk kompetanse er viktig i mange saker, er det lagt opp til at leiar og nestleiar med den nye organiseringa

skal ha ei aktiv rolle i saksførebuinga og at dei unntaksvis skal kunne avgjere ei klagesak aleine, samt avgjere klager over sakskostnadsavgjerder i Patentstyret. Juridisk kompetanse vil då vere viktig. Samtidig vil teknisk og anna kompetanse enn juridisk vere viktig i mange saker. Dette vil bli sikra ved at dei andre medlemmene i nemnda har slik kompetanse, og ved at det enkelte utval som skal behandle ei sak blir samansett ut frå kva kompetanse som trengst i saka. Det er samstundes ikkje nødvendig at leiar eller nestleiar er med i det enkelte utval, slik at det enkelte utval kan bestå av berre teknisk kunnige medlemmer.

Klagenemnda vil ha behov for sekretærfunksjonar, tekniske funksjonar, datasystem, lokalar m.m. Departementet ser for seg ei samlokalisering med Patentstyret og at det bør vere eit tett administrativt samarbeid med Patentstyret om slike funksjonar. Sidan det allereie finst relevante system og ressursar i Patentstyret, vil det lett kunne vere mindre ressurseffektivt å lokalisere Klagenemnda eit anna sted og bygge opp dei nødvendige ressursane frå grunnen av. Samlokalisering og administrativt samarbeid vil ikkje rokke ved at Klagenemnda er uavhengig av Patentstyret.

Forslaget om at leiar og nestleiar i Klagenemnda på strenge vilkår skal kunne avgjere ei klagesak aleine, blir følgd opp. Etter departementets syn er det behov for å kunne avgjere kurante saker der det ikkje er tvil om utfallet på ein enkel måte. Departementet meiner derimot at det ikkje er nødvendig med føresegnar i lova om kva Klagenemndas avgjerd kan gå ut på, og følgjer ikkje opp dette forslaget.

Departementet har merka seg innspela frå høyringsinstansane når det gjeld forslaget om munnlege forhandlingar. Departementet meiner at munnlege forhandlingar og møte med partar kan vere føremålstenleg, og i nokre tilfelle nødvendig, for å sikre ei forsvarleg opplysning av ei sak. Men det er Patentstyret og Klagenemndas ansvar å syte for at saka blir forsvarlig opplyst, og innanfor dei rammer lova gir er det også opp til Patentstyret og Klagenemnda å bestemme korleis saka best kan opplysast. Å gjennomføre munnlege forhandlingar med fleire partar vil vere ressurskrevjande. Det er mindre ressurskrevjande å halde møte med ein part. Ut frå dette vil det etter departementets syn vere lite føremålstenleg å innføre ei ordning der ein part har krav på at det skal haldast munnlege forhandlingar eller møte når parten krev det, uavhengig av i kva grad dette kan bidra til å opplyse saka og ressursane som vil gå med til det.

Skriftlig saksbehandling kan også vere ressurskrevjande. Visse tilhøve kan meir effektivt opplyst gjennom munnlege forhandlingar eller møte. Departementet legg til grunn at Patentstyret og Klagenemnda i framtida i større utstrekning enn kva som har vore tilfelle vil halde møte og munnlege forhandlingar. Særlig for Klagenemnda vil dette vere aktuelt sidan den nye organiseringa gir meir rom for å halde møte eller munnlege forhandlingar enn i Andre avdeling i dag. Det er viktig at Patentstyret og Klagenemnda på alle trinn i saksbehandlinga har for auge og vurderer om munnlege forhandlingar eller møte kan vere eit eigna verkemiddel for å opplyse saka. Departementet foreslår derfor at det skal takast inn ei føresegn som pålegg Patentstyret og Klagenemnda i alle saker å vurdere om det er formålstenleg å halde møte med ein part eller ha munnlege forhandlingar mellom partane. Dette er ei utviding samanlikna med forslaget i høyringsnotatet der denne regelen berre skulle gjelde i motsegnssaker og i saker om administrativ overprøving. I tillegg blir det foreslått at Patentstyret eller Klagenemnda skal etterkome eit krav frå ein part om å halde møte eller munnlege forhandlingar, såfram kravet har sakleg grunn og ei forsvarleg utøving av tenesta tillèt at møte eller munnlege forhandlingar blir halde.

Når det gjeld forslaget om at det skal kunne tilkjennast sakskostnader i saker om administrativ overprøving har departementet justert forslaget ut frå innspela som har kome fram under høyringa. Det bør ikkje vere nokon hovudregel om at den vinnande part skal tilkjennast sakskostnader i slike saker. I staden bør Patentstyret og Klagenemnda ha høve til å tilkjenne sakskostnader etter ei brei rimelegheitsvurdering. Ved administrativ overprøving etter designlova og foretaksnamnelova bør høvet til å tilkjenne sakskostnader berre gjelde i klagesaker.

Spørsmålet om det bør vere høve til å krevje tilbake eit klagegebyr når ei klage blir teke til følge på grunn av ein klar saksbehandlingsfeil hos Patentstyret eignar seg ikkje for regulering i Patentstyrelova. Departementet vil sjå nærare på dette spørsmålet neste gong det er aktuelt å gjere endringar i forskrift om avgifter og gebyr til Patentstyret mv.

Etter ei nærare vurdering har departementet kome til at Patentstyrelova bør innehalde ei føresegn om at Patentstyret og Klagenemnda kan

bruke eksterne sakkunnige, og habilitet for slike sakkunnige m.m. Ei slik føresegn er teke inn i lovforslaget.

Departementet finn derimot ikkje at Patentstyrelova bør innehalde føresegn om saksbehandlingstid hos Patentstyret og Klagenemnda. Sakene som Patentstyret og Klagenemnda skal behandle er svært ulike. Det er gitt detaljerte reglar om korleis sakene skal behandlast i dei enkelte lover om det industrielle rettsvern med forskrifter. Departementet er einig i at det generelt er viktig at saksbehandlinga er effektiv og ikkje dreg meir ut i tid enn det som er nødvendig for å sikre ei forsvarleg behandling og ut frå omsynet til partane i saka. Sidan sakene er svært ulike, kan ikkje regler om saksbehandlingstid utformast som anna enn ikkje-bindande retningsliner. Det sentrale for å sikre ei rimeleg saksbehandlingstid er tilstrekkelege ressursar og gode saksbehandlingssystem og rutinar. Med den nye organiseringa av Klagenemnda vil ho ha fleire ressursar enn det Andre avdeling har i dag. Departementet legg til grunn at dette vil føre til at saksbehandlingstida går ned.

#### **4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Opprettinga av ei uavhengig klagenemnd som skal erstatte Patentstyrets andre avdeling vil føre til meirkostnader på om lag tre millionar kroner kvart år samanlikna med dagens organisering. Dei årlige utgiftene til Klagenemnda vil vere om lag fem millionar kroner, medan Patentstyrets årlige driftsutgifter vil bli redusert med om lag to millionar kroner når Andre avdeling blir lagt ned. Desse økte utgiftene utover innsparingar hjå Patentstyret som kan hentast inn med kutt i utgiftsløyvet, skal dekkast over Nærings- og handelsdepartementets del av statsbudsjettet, i form av eit eige budsjettkapittel for nemnda. Departementet vil innarbeide dei budsjettmessige konsekvensane i regjeringas framlegg for Stortinget i den ordinære budsjettprosessen.

Det vil og oppstå nokre etableringskostnader på anslagsvis mellom ein og to millionar kroner som kjem til å bli dekte via Nærings- og handelsdepartementets budsjett for inneverande år.

Forslaget vil ikkje elles ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.



## 5 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

### Til § 1 Oppgåver og formål for Patentstyret

Paragrafen gjer greie for oppgåvene og formålet til Patentstyret.

*Første punktum* slår fast at Patentstyret skal behandle saker om industrielle rettar som fastsett i patentlova, føretaksnamelova, designlova, varemerkelova og edelmetallova. Dette er primæroppgåva til Patentstyret.

*Andre punktum* omtaler funksjonen til Patentstyret som leverandør av informasjonstenester og kompetansesenter for industrielle rettar. Omgrepet «informasjonstenester» femner om den informasjonsverksemda som Patentstyret utfører i dag, og vidareutvikling av tenester på fagområda til etaten. I tillegg til generelt informasjonsarbeid om industrielle rettar handlar dette mellom anna også om kurstilbod, tilbod om forundersøkingar og overvaking av kva det blir søkt patent på, eller søkt registrert som varemerke eller design, på vegne av kundar. Patentstyret leverer òg tenester til Nordisk patentinstitutt (NPI). Somme av desse tenestene må vi sjå som ein del av utøvinga av funksjonen som statleg organ, andre som reine informasjonstenester.

### Til § 2 Patentstyrets organisasjon

Paragrafen regulerer korleis Patentstyret er organisert.

I *første ledd første punktum* blir det slått fast at Patentstyret er eit forvaltningsorgan som administrativt er underlagt departementet (Nærings- og handelsdepartementet).

I første ledd *andre punktum* blir det presisert at Patentstyret er uavhengig når det behandlar saker etter lovgivinga om industrielle rettar, og at det ikkje kan instruerast når det gjeld generell lovtolking, avgjerder i den enkelte saka eller handtering av søksmål mot avgjerder i slike saker. Bortsett frå handtering av søksmål er dette ei vidareføring av gjeldande rett, men det er nytt at dette kjem til uttrykk i lova. Presiseringa inneber at Patentstyret opptre uavhengig ved behandling av søknader, motsegner, krav om administrativ overprøving m.m. etter desse lovene.

I første ledd *tredje punktum* er det presisert at Kongen eller departementet heller ikkje kan gjere om avgjerder Patentstyret har gjort i saker etter lovgivinga om industrielt rettsvern.

På andre område, til dømes når det gjeld den interne administrasjonen i Patentstyret, innkjøp

og når Patentstyret deltek i internasjonale forhandlingar, gjeld dei alminnelege reglane om instruksjonsmynde og omgjeringsrett for overordna organ.

*Andre ledd første punktum* fastset at Patentstyret blir leidd av ein direktør som blir tilsett av Kongen i Direktøren blir tilsett som tenestemann.

*Tredje ledd* inneheld ein forskriftsheimel. Etter denne kan Kongen gi nærare føresegner om organiseringa av og saksbehandlinga i Patentstyret, og om informasjonstenestene til Patentstyret, medrekna betaling for desse tenestene. Betalinga blir som i dag regulert i forskrift om avgifter og gebyr til Patentstyret mv.

### Til § 3 Klagenemnda for industrielle rettar

Paragrafen opprettar Klagenemnda for industrielle rettar og regulerer korleis ho er organisert.

*Første ledd* slår fast at Klagenemnda er klageorgan for saker som fastsett i patentlova, føretaksnamelova, designlova, varemerkelova, edelmetallova og planteforedlarlova. Det er dermed dei nemnde lovene som regulerer kva saker som kan klagast inn for Klagenemnda, og kva saker Klagenemnda ikkje er klageorgan for blant dei vedtaka Patentstyret fattar. For slike andre vedtak, til dømes avslag på krav om innsyn etter offentleglova, skal departementet (Nærings- og handelsdepartementet) vere klageorgan i samsvar med det som gjeld elles i forvaltninga. Klagenemnda overtek dermed dei sakene som Andre avdeling i Patentstyret behandlar i dag. I dei enkelte lovene blir dermed namnet Andre avdeling erstatta med namnet Klagenemnda for industrielle rettigheter, sjå nærmare nedanfor om endringar i andre lover.

*Andre ledd første punktum* slår fast at Klagenemnda er eit uavhengig forvaltningsorgan som administrativt er underlagt departementet (Nærings- og handelsdepartementet). Til forskjell frå Andre avdeling, som i dag er ein del av Patentstyret, blir Klagenemnda eit eige organ og ikkje ein del av Patentstyret. Kva dette sjølvstendet til Klagenemnda inneber, blir presisert i andre ledd andre punktum. Andre ledd *andre punktum* seier at § 2 første ledd andre og tredje punktum gjeld tilsvarande for Klagenemnda. Klagenemnda kan dermed ikkje kan instruerast ved behandling av klager etter lovene som er nemnde i § 3 første ledd, og ved søksmål mot avgjerder frå nemnda i slike saker. Departementet eller Kongen kan heller ikkje gjere om avgjerder tekne av nemnda i slike saker.

*Tredje ledd* gir reglar om korleis Klagenemnda skal bemannast. *Tredje ledd første punktum* seier at Klagenemnda skal ha ein leiar, ein nestleiar og så mange andre medlemmer som nødvendig for å utføre dei oppgåvene som blir lagde til nemnda. *Tredje ledd andre punktum* slår fast at leiar og nestleiar i nemnda skal oppfylle krava til dommarar, sjå domstollova §§ 53 og 54. *Tredje ledd tredje punktum* presiserer at nemnda elles skal bemannast med medlemmer med den kompetansen som er naudsynt for ei forsvarleg saksbehandling. Dei eksterne medlemmene skal vere unnatta frå tenestemannslova, på same måte som dei eksterne medlemmene i Andre avdeling i dag. Departementet tek sikte på å be Fornyings- og administrasjonsdepartementet om å tilpasse ordlyden i forskrifta til § 1 tenestemannslova til klageorganet sitt nye namn etter at lova her er vedteken av Stortinget.

Av *fjerde ledd første punktum* går det fram at leiaren og nestleiar blir tilsette av Kongen i statsråd. Desse skal tilsetjast som tenestemenn i fast fulltidsstilling. Etter *fjerde ledd andre punktum* blir dei andre medlemmene i Klagenemnda oppnemnde av departementet for ein periode på inntil fem år med høve til å oppnemne dei på nytt. Ein person kan dermed oppnemnast for fleire femårsperiodar utan at det gjeld nokon grense for kor lenge ein person totalt kan vere medlem av nemnda. Men ut frå rekrutteringsomsyn vil det bli lagt opp til ei viss regelbunden utskifting av medlemmene. I *fjerde ledd tredje punktum* blir det slått fast at tilsette i Patentstyret ikkje kan vere medlemmer av Klagenemnda. Bakgrunnen for dette er omsynet til sjølvstendet til nemnda.

#### Til § 4 Saksbehandlinga i Klagenemnda

Paragrafen regulerer saksbehandlinga i Klagenemnda. Han tilsvarar delvis § 5 i gjeldande lov, men er utvida med nokre nye føresegrer.

Det følgjer av *første ledd første punktum* at avgjerder i nemnda som hovudregel skal fattast av eit utval på tre medlemmer. Etter *første ledd andre punktum* fastset leiaren (eller nestleiar dersom leiaren er fråverande eller på anna måte forhindra) i nemnda samansetjinga av utvalet i den enkelte sak. Samansetjinga av utvalet i den enkelte sak må skje på grunnlag av kva som er mest formålstenleg ut frå kva slags kompetanse som er nødvendig i den aktuelle saka, og kva medlemmer av nemnda som er tilgjengelege. Leiaren eller nestleiar treng ikkje å vere med i det enkelte utval. F.eks. på patentområdet kan det ofte vere føremålstenleg å setje saman eit utval med

berre tekniske medlemmer. Det er heller ikkje noko i vegen for å setje saman eit utval slik at både leiaren og nestleiar er med. Men av omsyn til ei føremålstenleg allokering av ressursane til nemnda vil dette nok ikkje førekome ofte.

Leiaren (eller nestleiar i leiarens stad) kan etter *første ledd tredje punktum* bestemme at ei sak skal avgjerast av eit utval på fem medlemmer. Dette er spesielt aktuelt i prinsippaker, eller i saker der det er nødvendig å drege inn mange forskjellige formar for kompetanse.

For å leggje grunnlaget for ei føremålstenleg bruk av ressursar tillèt *første ledd fjerde punktum* at leiar eller nestleiar i Klagenemnda avgjer ei klagesak aleine, utan å kalle saman eit utval med andre medlemmer. Denne framgangsmåten kan berre brukast når saka ikkje reiser tvilsspørsmål, og når det er openbert kva avgjerda må gå ut på. Dette er strenge vilkår. Det må dreie seg om enkle avgjerder der det står fram som openbert kva avgjerd som må treffast. Denne føresegna vil mellom anna kunne brukast for å avvise ei klage, til dømes fordi klageavgifta ikkje er betalt innan fristen, eller fordi klagefristen er gått ut. Vidare kan føresegna brukast når ei sak blir lagd bort fordi klaga er trekt tilbake. Dersom vilkåra i føresegna er oppfylt, vil ho også kunne brukast for å avgjere realiteten i saka, f.eks. der et mothald fell vekk under behandling av ei klagesak.

*Andre ledd* er teke med frå § 5 andre ledd i gjeldande lov og slår fast at Klagenemnda kan ta omsyn til tilhøve som ikkje låg føre då Patentstyret gjorde vedtaket sitt.

*Tredje ledd* gir Kongen heimel til å gi nærare føresegner om organiseringa av og saksbehandlinga i Klagenemnda i ei forskrift til lova.

#### Til § 5 Forholdet til forvaltningslova

Regelen vidarefører gjeldande lov § 2 første ledd fjerde punktum om at kapittel VI om klage og omgjerding i forvaltningslova ikkje gjeld når Patentstyret og Klagenemnda behandlar saker etter lovgivinga om industrielt rettsvern. For andre saker hos Patentstyret og Klagenemnda enn saker etter lovgivinga om industrielt rettsvern gjeld kapittel VI i forvaltningslova.

Klage over avgjerder frå Patentstyret i saker etter lovgivinga om industrielle rettar, er uttømmende regulert i desse lovene. Patentstyret eller Klagenemnda har ikkje noko allment høve til å gjere om sine avgjerder i saker etter lovgivinga om det industrielle rettsvern. Omgjerding kan berre skje når det har grunnlag i lova som regulerer den industrielle retten saka gjeld.

### Til § 6 Habilitet

Paragrafen regulerer habiliteten for tilsette i Patentstyret og tilsette og medlemmer i Klagenemnda ved behandling av saker etter lovgivinga om det industrielle rettsvern. Han vidarefører gjeldande lov § 6 første og andre ledd. Habiliteten i andre saker blir regulerte av reglane i forvaltningslova kapittel II.

*Første ledd* slår fast at domstollova §§ 106 til 108 gjeld tilsvarende for dei tilsette i Patentstyret og dei tilsette og medlemmene i Klagenemnda ved behandling av saker etter lovgivinga om det industrielle rettsvern.

I *andre ledd første punktum* blir det presisert at ein tilsett i Patentstyret eller ein tilsett i eller eit medlem av Klagenemnda ikkje kan delta i behandlinga av eit krav om administrativ overprøving når overprøvingssaka gjeld ein industriell rett som vedkomande har vore med på å behandle i ei tidlegare sak. Ordningane med administrativ overprøving inneber at den som meiner at ei registrering er ugyldig, eller ønskjer å få sletta ei varemerke-registrering, i staden for å reise søksmål kan fremje krav om administrativ overprøving hos Patentstyret. I saker som gjeld om ei registrering av ein rett er gyldig må Patentstyret vurdere på nytt dei registreringsvilkåra som blir gjort gjeldande som grunnlag for at han er ugyldig. For å sikre at denne vurderinga er uavhengig er det ein føresetnad at dei som tidlegare har vore med på søknadsbehandlinga for den registreringa som kravet om overprøving gjeld, ikkje kan delta i behandlinga av overprøvingssaka.

Etter andre ledd *andre punktum* kan ein tilsett eller eit medlem likevel vere med å behandle eit krav om administrativ overprøving som gjeld ein industriell rett som vedkommande har vore med på å behandle i ei tidlegare sak når overprøvingssaka berre gjeld spørsmål som ikkje var aktuelle i den tidlegare saka. Dette inneber f.eks. at ein som har vore med på å behandle ein søknad om registrering av eit varemerke, kan vere med på å behandle eit krav om administrativ overprøving som gjeld sletting av same merke etter varemerkelova §§ 36 eller 37.

### Til § 7 Munnlege forhandlingar og møte

Paragrafen er ny, sjølv om han har ein viss parallell i gjeldande lov § 7 andre ledd.

Etter *første punktum* skal Patentstyret og Klagenemnda på alle trinn i saksbehandlinga av eige tiltak vurdere om det er formålstenleg å halde møte med ein part eller ha munnlege forhandlin-

gar med partane. At vurderinga skal skje av eige tiltak inneber at Patentstyret og Klagenemnda må vurdere behovet for å kalle inn til møte eller munnlege forhandlingar uavhengig av om ein part har satt fram krav om det. Tilfelle der ein part set fram krav om møte eller munnlege forhandlingar blir regulert av andre punktum.

Til skilnad frå forslaget i høyringsnotatet gjeld føresegna i første punktum i alle saker, ikkje berre i motsegnssaker og saker om administrativ overprøving. Formålet med føresegna er å minne om at møte eller munnlege forhandlingar er eit verkemiddel for å opplyse saka, og å sikre at Patentstyret og Klagenemnda på eit kvart trinn i saksbehandlinga vurderer om møte eller munnlege forhandlingar vil vere eit føremålstenleg alternativ eller supplement til fortsatt skriftlig behandling av omtvista spørsmål. Føresegna må sjåast i samanheng med forvaltningslova § 17 som i første ledd første punktum fastslår at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før eit vedtak blir fatta. Det vil vere opp til Patentstyrets eller Klagenemndas skjønn å avgjere om møte eller munnlege forhandlingar skal haldast. Men utgreiingsplikta som går fram av forvaltningslova § 17 vil innebere at møte eller munnlege forhandlingar må haldast dersom dette er nødvendig for å sikre ei forsvarleg opplysning av saka. Dersom det blir bestemt at det skal haldast møte eller munnlege forhandlingar, vil det vere opp til Patentstyret å bestemme korleis dette skal gjennomførast. Men det følgjer av *tredje punktum* at dersom det gjeld ei sak der det er tvist mellom partar, så må alle partar som tvistepunkta som skal drøftast gjeld, kallast inn til munnlege forhandlingar. Dersom det er aktuelt å kalle inn til møte eller munnlege forhandlingar må Patentstyret eller Klagenemnda ta spørsmålet opp med dei partane det vedkjem før det blir teke stilling til om møte eller munnlege forhandlingar skal haldast.

*Andre punktum* supplerer regelen i første punktum og gjeld når ein part krev at det skal haldast møte eller munnlege forhandlingar. Dersom vedkommande part har sakleg grunn for kravet, skal Patentstyret eller Klagenemnda etterkome det i den grad ei forsvarleg utføring av tenesta tillet det. Føresegna byggjer på forvaltningslova § 11 d, men rekk noko vidare enn denne ved at ho også direkte gjeld munnlege forhandlingar mellom partar.

Kravet om sakleg grunn inneber at den som krev munnlege forhandlingar må grunnegi kvifor dette vil vere formålstenleg ut frå omsynet til å opplyse den aktuelle saka. Dersom vedkommande berre vil drøfte utanforliggjande tema eller tilhøve som allereie er tilstrekkeleg klarlagde, kan ikkje

kravet sjåast på som sakleg og kan dermed avvist.

Dersom kravet er sakleg skal det takast til følge i den utstrekning ei forsvarleg utføring av tenesta tillèt det. Det må her skje ei avveging av omsynet til opplysninga av saka, medrekna om dei spørsmål som skal drøftast like godt kan opplyst gjennom skriftleg behandling, og kor ressurskrevjande det vil vere å halde møte eller munnlege forhandlingar. Ved denne avveginga må ein ha for auge at det er Patentstyret eller Klagenemnda som avgjer når og korleis eit møte eller munnlege forhandlingar skal haldast. Sjølv om det er kravd munnlege forhandlingar over fleire dagar, kan Patentstyret eller Klagenemnda innkalle til munnlege forhandlingar med ein tidsramme på nokre få timar.

Eit krav om møte eller munnlege forhandlingar må leggjast fram for andre partar som kravet vedkjem før det blir avgjort, jf. føresegna i tredje punktum.

Føresegna i tredje punktum om at alle partar som tvistepunkta som skal drøftast gjeld, må kallast inn til munnlege forhandlingar, gjeld også når det blir kalla inn til munnlege forhandlingar etter krav frå ein part.

#### *Til § 8 Sakkunnige*

Paragrafen omhandlar bruk av sakkunnige i Patentstyret og Klagenemnda. Han har ein viss parallell i § 6 tredje ledd i gjeldande lov. Patentstyret og Klagenemnda kunne også brukt eksterne sakkunnige sjølv om dette ikkje gjekk fram av lova, men formålet med paragrafen er å regulere nokre sider ved bruken av sakkunnige nærmare.

*Første punktum* slår fast at både Patentstyret og Klagenemnda kan bruke sakkunnige. Det blir her sikta til eksterne sakkunnige som ikkje er tilsette i eller medlemmer av Patentstyret eller Klagenemnda, men som blir engasjerte særskilt for å utgreie spørsmål i ei bestemt sak.

*Andre punktum* slår fast at ein som ville ha vore inhabil til å ta avgjerd i saka, ikkje kan brukast som sakkunnig. Men ein som har vore sakkunnig under behandling av ein søknad i Patentstyret, kan likevel brukast som sakkunnig ved klagebehandling, administrativ patentavgrensing og administrativ overprøving, jf. *tredje punktum*.

*Fjerde punktum* gjer det klart at sakkunnige kan kallast inn til møte og munnlege forhandlingar i saka. Etter *femte punktum* kan sakkunnige også ta del i rådslagingar i saka, men ikkje i stemmegiving.

#### *Til § 9 Sakskostnader i saker om administrativ overprøving*

Paragrafen er ny og innfører høve for Patentstyret og Klagenemnda til å tilkjenne sakskostnader i saker om administrativ overprøving. Paragrafen gjeld berre kostnadsansvar mellom partane, og vil dermed berre vere aktuelt når det er to eller fleire partar i ei sak. Han gjeld vidare berre i saker om administrativ overprøving. I andre saker kan ikkje sakskostnader tilkjennast. Forvaltningslova § 36 gjeld ikkje for saker hos Patentstyret og Klagenemnda etter lovgivinga om industrielle rettar, jf. § 5.

Etter *første ledd første punktum* kan ein part som i sak om administrativ overprøving fullt ut eller i det vesentlege har fått medhald tilkjennast nødvendige sakskostnader frå motparten. Dette er ein kan-regel, slik at parten som fullt ut eller i det vesentlege har fått medhald ikkje automatisk har krav på dekning av sakskostnader. Om sakskostnader skal tilkjennast må avgjerast etter ein rimelegheitsvurdering. Ved denne vurderinga skal det, etter *første ledd andre punktum*, mellom anna leggjast vekt på om det var god grunn til å få saka prøvd fordi ho var tvilsam, og om det er rimeleg ut frå typen sak og tilhøva hos motparten å påleggje kostnadsansvar. Det er berre nødvendige kostnader som eventuelt kan tilkjennast. Dette inneber at det berre kan tilkjennast kostnader som ligg innanfor det som står fram som rimeleg for å vareta parten sine interesser i saka. Ved fastsetting av kostnadsansvaret må Patentstyret og Klagenemnda ha for auge at administrativ overprøving skal vere eit enkelt og rimeleg alternativ til domstolsbehandling.

Etter *første ledd tredje punktum* kan det ved administrativ overprøving på design- og foretaksnamneområdet berre tilkjennast sakskostnader i klagesaker. Bakgrunnen for dette er at det ikkje skjer ei forutgåande prøving av alle registreringsvilkåra på desse områda, og at viktige registreringsvilkår dermed først blir vurdert når det blir kravd administrativ overprøving.

Etter *andre ledd første punktum* må eit krav om dekning av sakskostnader fremjast før saka blir avgjort. Patentstyret eller Klagenemnda skal avgjere sakskostnadsspørsmålet samtidig med realiteten i saka, jf. *andre ledd andre punktum*.

Etter *tredje ledd første punktum* kan Klagenemnda òg endra Patentstyrets sakskostnadsavgjerd når ei klage over realiteten heilt eller delvis førar fram. Ei sakskostnadsavgjerd frå Patentstyret kan påklagast særskilt til Klagenemnda, jf. *tredje ledd andre punktum*. Slik klage skal avgje-

rast av leiaren (eller nestleiaren i leiarens stad) i Klagenemnda aleine, jf. tredje ledd *tredje punktum*.

*Fjerde ledd* gir ein regel som tilsvarar forvaltningslova § 36 tredje ledd sjette punktum om at tilkjende sakskostnader kan drivast inn med tvang etter reglane for dommar.

*Til § 10 Ikraftsetjings- og overgangsreglar*

*Første ledd første punktum* let det vere opp til Kongen å bestemme tidspunktet for når den nye lova skal ta til å gjelde. Departementet har som mål at lova skal tre i kraft 1. januar 2013.

*Første ledd andre punktum* slår fast at den gamle lova om Styret for det industrielle Retsvern blir oppheva samtidig som den nye lova tek til å gjelde.

*Andre ledd* inneheld overgangsreglar. Etter *første punktum* gjeld §§ 7 og 9 berre for saker der søknaden, motsegna eller kravet om administrativ overprøving eller administrativ patentavgrensing med meir er levert etter at lova her har teke til å gjelde. Etter *andre punktum* kan Kongen gi nærare overgangsreglar.

*Til § 11 Endringar i andre lover*

Det blir gjort endringar i lov om oppfinnelser av betydning for rikets forsvar, patentlova, foretaks-

namnelova, planteforedlarlova, designlova og varemerkelova frå same tid som den nye Patentstyrelova trer i kraft.

Dette dreier seg om konsekvensendringar som følgje av at namnet Styret for det industrielle rettsven utgår, og at Patentstyrets andre avdeling blir erstatta av Klagenemnda for industrielle rettar.

Vidare er det teke inn nye føresegner i føresegnene som regulerer søksmål over avgjerder frå Patentstyret (berre aktuelt i patentlova § 52 e) og Klagenemnda for industrielle rettar som slår fast at slike søksmål skal rettast mot staten ved Patentstyret eller staten ved Klagenemnda, sjå patentlova §§ 27, 39 d og 52 e, foretaksnamnelova § 3-8, planteforedlarlova § 12, designlova § 39 og varemerkelova § 52.

Det er også behov for konsekvensendringar i forskriftene på området. Desse vil bli gjennomgatte og endra frå same tid som den nye lova trer i kraft.

Nærings- og handelsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (patentstyrelova).

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (patentstyrelova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (patentstyrelova)

### § 1 *Oppgåver og formål for Patentstyret*

Patentstyret skal behandle saker om industrielle rettar som fastsett i patentloven, foretaksnavneloven, designloven, varemerkeloven og edelmetalloven. Patentstyret kan utføre informasjonstenester og skal elles leggje til rette for innovasjon og verdiskaping ved å vere eit kompetansesenter for industrielle rettar.

### § 2 *Patentstyrets organisasjon*

Patentstyret er eit forvaltningsorgan administrativt underlagt departementet. Patentstyret er uavhengig ved behandling av saker etter lovene nemnde i § 1 og kan ikkje instruerast når det gjeld generell lovtolkning, avgjerder i enkelt saker eller handtering av søksmål mot avgjerder i slike saker. Kongen eller departementet kan heller ikkje omgjere avgjerdene Patentstyret tek i slike saker.

Patentstyret blir leidd av ein direktør som blir tilsett av Kongen i statsråd.

Kongen kan i forskrift gi nærmare føreseger om organiseringa av og saksbehandlinga i Patentstyret, og om Patentstyret sine informasjonstenester, medrekna betaling for desse tenestene.

### § 3 *Klagenemnda for industrielle rettar*

Klagenemnda for industrielle rettar (Klagenemnda) er klageorgan for saker som fastsett i patentloven, foretaksnavneloven, designloven, varemerkeloven, edelmetalloven og planteforedlerloven.

Klagenemnda er eit uavhengig forvaltningsorgan administrativt underlagt departementet. § 2 første ledd andre og tredje punktum gjeld tilsvarende for Klagenemnda ved behandling av klager etter lovene nemnde i første ledd i paragrafen her og ved søksmål mot avgjerder frå nemnda i slike saker.

Klagenemnda skal ha ein leiar, ein nestleiar og så mange medlemmer som nødvendig for å utføre dei oppgåvene som er lagde til nemnda. Leiar og nestleiar i nemnda må oppfylle krava til

dommarar. Nemnda skal elles ha medlemmer med den kompetansen som er nødvendig for ei forsvarleg saksbehandling.

Leiaren og nestleiar blir tilsette av Kongen i statsråd. Dei andre medlemmene i Klagenemnda blir oppnemnde av departementet for ein periode på inntil fem år med høve til å oppnemne dei på nytt. Tilsette i Patentstyret kan ikkje vere medlemmer i Klagenemnda.

### § 4 *Saksbehandlinga i Klagenemnda*

Avgjerdene i Klagenemnda skal takast av eit utval på tre medlemmer. Leiaren fastset samansetjinga av utvalet for kvar enkelt sak. Leiaren kan bestemme at ei sak skal avgjerast av eit utval på fem medlemmer. Leiaren kan avgjere ei klage aleine når saka ikkje reiser tvilsspørsmål og det er openbert kva avgjerda må gå ut på.

Klagenemnda kan ta omsyn til sakstilhøve som ikkje låg føre då Patentstyret fatta sitt vedtak.

Kongen kan i forskrift gi nærmare føreseger om organiseringa av og saksbehandlinga i Klagenemnda.

### § 5 *Forholdet til forvaltningsloven*

Forvaltningsloven kapittel VI om klage og omgjøring gjeld ikkje for Patentstyret og Klagenemnda i saker etter lovgivinga om industrielt rettsvern.

### § 6 *Habilitet*

Domstollova §§ 106 til 108 gjeld tilsvarende for dei tilsette i Patentstyret og dei tilsette og medlemmene i Klagenemnda ved behandling av saker etter lovgivinga om industrielt rettsvern.

Ein tilsett i Patentstyret eller ein tilsett i eller eit medlem av Klagenemnda kan ikkje delta i behandlinga av eit krav om administrativ overprøving når overprøvingssaka gjeld ein industriell rett som vedkomande har vore med på å behandle i tidlegare sak. Dette gjeld likevel ikkje dersom overprøvingssaka berre gjeld spørsmål som ikkje var aktuelle i den tidlegare saka.

### § 7 Munnlege forhandlingar og møte

Patentstyret og Klagenemnda skal på alle trinn i saksbehandlinga av eige tiltak vurdere om det er formålstenleg å halde møte med ein part eller ha munnlege forhandlingar med partane. Dersom ein part som har sakleg grunn for det, krev at det skal haldast møte eller munnlege forhandlingar, skal Patentstyret eller Klagenemnda etterkome kravet i den grad ei forsvarleg utføring av tenesta tillèt det, jf. forvaltningslova § 11 d. I ei sak der det er tvist mellom partar, må alle partar som tvistepunkta som skal drøftast gjeld, kallast inn til munnlege forhandlingar.

### § 8 Sakkunnige

Patentstyret og Klagenemnda kan bruke sakkunnige. Ein som ville ha vore inhabil til å ta avgjerd i saka, kan ikkje brukast som sakkunnig. Ein som har vore sakkunnig under behandlinga av ein søknad i Patentstyret, kan likevel brukast som sakkunnig ved klagebehandling, administrativ patentavgrensing og administrativ overprøving. Sakkunnige kan innkallast til møte eller munnlege forhandlingar i saka. Dei kan også ta del i rådslagingar, men ikkje i stemmegiving.

### § 9 Sakskostnader i saker om administrativ overprøving

I sak om administrativ overprøving kan ein part som fullt ut eller i det vesentlege har fått medhald, tilkjennast nødvendige sakskostnader frå motparten. Det skal mellom anna leggjast vekt på om det var god grunn til å få saka prøvd fordi ho var tvilsam, og om det er rimeleg ut frå typen sak og tilhøva hos motparten å påleggje kostnadsansvar. Ved administrativ overprøving etter designloven og foretaksnavneloven kan det berre tilkjennast sakskostnader i klagesaker.

Krav om dekning av sakskostnader må fremjast før saka blir avgjort. Patentstyret eller Klagenemnda skal avgjere spørsmålet samtidig med realiteten i saka.

Dersom ei klage heilt eller delvis fører fram, kan Klagenemnda òg endre avgjerda i Patentstyret når det gjeld sakskostnader. Avgjerda om sakskostnader i Patentstyret kan påklagast særskilt til Klagenemnda. Slik klage avgjer leiaren i Klagenemnda aleine.

Tilkjende sakskostnader kan drivast inn med tvang etter reglane for dommar.

### § 10 Ikraftsetjings- og overgangsreglar

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Frå same tid som lova trer i kraft, blir lov av 2. juli 1910 nr. 7 om Styret for det industrielle Retsvern oppheva.

§§ 7 og 9 gjeld berre for saker der søknaden, motsegna eller kravet om administrativ overprøving eller administrativ patentavgrensing m.m. blei levert etter at denne lova tok til å gjelde. Kongen kan gi nærmare overgangsreglar.

### § 11 Endringar i andre lover

Frå same tid som lova trer i kraft, blir følgjande endringar gjorde i andre lover:

1. I lov 26. juni 1953 nr. 8 om oppfinnelser av betydning for rikets forsvar skal § 3 første ledd lyde:

Vil noen utnytte en oppfinnelse som nevnt i § 2, må vedkommende inngi fullstendig skriftlig fremstilling av oppfinnelsen til departementet, eller på vanlig måte inngi patentsøknad til *Patentstyret* dersom vedkommende ønsker industrielt rettsvern for oppfinnelsen.

2. I lov 15. desember 1967 nr. 9 om patenter blir følgjande endringar gjorde:

§ 7 skal lyde:

Patentmyndigheten her i riket er *Patentstyret*.

§ 26 skal lyde:

Den endelige avgjørelsen av en patentsøknad *kan påklages til Klagenemnden for industrielle rettigheter (Klagenemnden)* dersom avgjørelsen har gått søkeren imot.

Den endelige avgjørelsen av en innsigelse *kan påklages til Klagenemnden* av patenthaveren eller innsigieren dersom avgjørelsen har gått vedkommende imot.

Blir en begjæring om gjenoptakelse etter § 15 tredje ledd eller § 20 første ledd avslått, eller en begjæring om overføring etter § 18 imøtekommet, kan avgjørelsen påklages av søkeren til *Klagenemnden*. Blir en begjæring om overføring etter § 18 avslått, kan avgjørelsen påklages av den som har fremsatt begjæringen.

Blir en begjæring etter § 22 femte eller niende ledd avslått, kan avgjørelsen påklages til *Klagenemnden* av den som har fremsatt begjæringen.

§ 27 tredje og fjerde ledd skal lyde:

Avgjørelse *der Klagenemnden* avslår en søknad om patent, opphever et patent eller opprettholder en beslutning *fra Patentstyret* om å oppheve et patent, kan ikke bringes inn for domstolene senere enn to måneder etter at meddelelse om avgjørelse ble sendt søkeren eller patenthaveren. Underretning om søksmålsfristen skal inntas i meddelelsen. *Søksmål rettes mot staten ved Klagenemnden.*

§ 22 femte og sjette ledd gjelder tilsvarende for dokumenter som inngis til *Klagenemnden*.

§ 36 tredje ledd skal lyde:

Dersom *Klagenemnden* opprettholder *Patentstyrets* avgjørelse, regnes fristen for betaling av slik avgift som nevnt i første ledd annet punktum fra det tidspunkt Patentstyret sendte søkeren underretning om *Klagenemndens* avgjørelse.

§ 39 d første ledd skal lyde:

Dersom den endelige avgjørelsen *fra Patentstyret* ikke går ut på at patentet skal begrenses i samsvar med begjæringen, kan patenthaveren påklage avgjørelsen til *Klagenemnden*.

§ 39 d tredje ledd skal lyde:

Patenthaveren kan bringe avgjørelsen av en klage i *Klagenemnden* inn for domstolene, men ikke senere enn en måned etter at meddelelse om avgjørelsen ble sendt vedkommende. Underretning om søksmålsfristen skal inntas i meddelelsen. *Søksmål rettes mot staten ved Klagenemnden.*

§ 41 første ledd fjerde punktum skal lyde:

Dersom domstolene opphever en avgjørelse *fra Klagenemnden* om å avslå en søknad om patent, forfaller årsavgift for avgiftsår som har begynt etter at *Klagenemnden* traff sin avgjørelse og fram til den dag da dommen ble rettskraftig, likevel først to måneder etter sistnevnte dag.

§ 52 e skal lyde:

Avgjørelsen av en begjæring om administrativ overprøving *fra Patentstyret* kan påklages til *Klagenemnden* av den parten som avgjørelsen har gått imot. Klagen må være innkommet til Patentstyret innen to måneder fra den dag melding om avgjørelsen ble sendt vedkommende part. Det skal betales fastsatt avgift. I motsatt fall opptas ikke klagen til behandling.

Klagen skal oppgi

a) klagerens navn og adresse,

- b) avgjørelsen som det klages over,
- c) hvilken endring som ønskes i avgjørelsen, og
- d) hvilke grunner klagen bygger på.

Klagen skal i tillegg oppfylle de vilkårene som er fastsatt av Kongen ved forskrift. § 52 b tredje ledd gjelder tilsvarende så langt den passer.

*Avgjørelse i sak om administrativ overprøving* hvor patentet erklæres ugyldig eller endres, kan ikke bringes inn for domstolene senere enn to måneder etter at melding om avgjørelse ble sendt den part som avgjørelsen går imot. Orientering om søksmålsfristen skal inntas i meldingen. *Søksmål rettes mot staten ved Patentstyret eller mot staten ved Klagenemnden, avhengig av hvilket av organene som har truffet avgjørelsen søksmålet gjelder. Avgjørelse hvor en begjæring om administrativ overprøving avvises eller avslås, kan ikke bringes inn for domstolene.*

§ 62 a andre ledd første punktum skal lyde:

Søknader om supplerende beskyttelsessertifikat inngis til *Patentstyret*.

§ 63 første ledd nr. 2 skal lyde:

2. søksmål angående prøvelse av avgjørelse *der Klagenemnden* avslår en søknad om patent, opphever et patent eller opprettholder en beslutning *fra Patentstyret* om å oppheve et patent, jf. § 27 tredje ledd,

§ 75 skal lyde:

Patentstyrets sjef bestemmer hvem som skal avgjøre begjæringer i henhold til §§ 72 og 73. Avslag på slik begjæring kan av patentsøkeren eller patenthaveren påklages til *Klagenemnden*. Om klagefrist m.m. og adgangen til å bringe avgjørelser truffet av *Klagenemnden* inn for domstolene gjelder § 27 tilsvarende.

3. I lov 21. juni 1985 nr. 79 om enerett til foretaksnavn og andre forretningskjennetegn mv. blir følgjande endringar gjorde:

§ 3-7 skal lyde:

Vedtaket etter § 3-6, herunder i sak om innsyn etter § 3-6 åttende ledd, kan påklages til *Klagenemnden for industrielle rettigheter (Klagenemnden)* av den som vedtaket har gått imot. En klage må være innlevert skriftlig til Patentstyret innen to måneder etter den dagen da melding om avgjørelsen ble sendt vedkommende part. Klagen skal inneholde

1. klagerens navn og adresse,



2. avgjørelsen som det klages over,
3. hvilken endring som ønskes i avgjørelsen,
4. hvilke grunner klager bygger på.

Fastsatt klageavgift skal betales.

Andre parter i saken skal snarest mulig gis melding om klagen med en rimelig frist for uttalelse.

Er vilkårene for å behandle klagen oppfylt, kan *Patentstyret oppheve* eller endre avgjørelsen hvis det finner det klart at klagen er begrunnet. Blir det ikke truffet slik avgjørelse, skal sakens dokumenter sendes til *Klagenemnden*. Gir *Patentstyret* en uttalelse til *Klagenemnden*, skal en kopi sendes til partene.

Hvis vilkårene for å behandle klagen ikke er oppfylt, skal klageren gis en rimelig frist for uttalelse og om mulig retting av manglene. Blir manglene ikke rettet innen utløpet av fristen, skal klagen avvises hvis ikke *Klagenemnden* finner at det bør gis en ny frist for retting.

Tas klagen under behandling, skal *Klagenemnden* foreta de undersøkelser som klagen gir grunn til. Den kan ta hensyn til forhold som ikke er berørt i klagen.

Bestemmelsene om innsyn i dokumentene i § 3-6 åttende ledd gjelder tilsvarende for dokumentene i klagesaken.

§ 3-8 fjerde ledd skal lyde:

Et vedtak fra Patentstyret om å oppheve registreringen av et foretaksnavn på grunnlag av § 3-6 kan bringes inn for domstolen av rettighetshaveren hvis klageretten etter § 3-7 har blitt brukt, og *Klagenemnden* har avgjort klagen. Søksmål må være reist innen to måneder etter den dagen da meldingen om avgjørelsen ble sendt til rettighetshaveren. Det kan ikke gis oppfriskning mot oversittelse av søksmålsfristen, som skal nevnes i meldingen om vedtaket. *Søksmål rettes mot staten ved Klagenemnden*.

4. I lov 12. mars 1993 nr. 32 om planteforedlerrett skal § 12 lyde:

§ 12 *Klage og søksmål*

Går Plantesortsnemndas endelige avgjørelse om søknaden imot søkeren, kan søkeren påklage avgjørelsen til *Klagenemnden for industrielle rettigheter (Klagenemnden)*. Blir søknaden imøtekommet etter fornyet behandling, kan den som har reist innsigelse, påklage avgjørelsen til *Klagenemnden*. Plantesortsnemndas avgjørelse av en begjæring om overføring av en søknad kan også påklages til *Klagenemnden*. Klagen må inn-

gis til Plantesortsnemnda innen to måneder fra den dag meddelelse om avgjørelsen ble sendt vedkommende. Klageren må betale en klageavgift fastsatt i forskrift.

Avslår *Klagenemnden* en søknad etter klage, kan søkeren bringe avslaget inn for domstolene innen to måneder fra meddelelse om avslaget ble sendt vedkommende. *Søksmål rettes mot staten ved Klagenemnden*.

5. I lov 14. mars 2003 nr. 15 om beskyttelse av design blir følgende endringer gjorde:

§ 36 skal lyde:

§ 36 *Klage over avgjørelse i Patentstyret*

Avgjørelsen i *Patentstyret* av en design søknad eller et krav om at en internasjonal designregistrering skal ha virkning i Norge, kan påklages av søkeren til *Klagenemnden for industrielle rettigheter (Klagenemnden)* hvis avgjørelsen har gått søkeren imot.

Avgjørelsen av en sak om administrativ oppheving etter § 25 kan påklages til *Klagenemnden* av den parten som avgjørelsen har gått imot. Blir et krav etter § 29 om overføring av en søknad eller registrering innvilget, kan avgjørelsen påklages til *Klagenemnden* av søkeren eller designhaveren.

Avgjørelsen om å oppheve en innføring etter § 33, kan påklages til *Klagenemnden* av innehaveren.

Avgjørelsen om å avvise eller avslå et krav om

1. gjenopptakelse etter § 19 fjerde ledd,
2. unntak fra offentlighet etter §§ 21 fjerde ledd, 27 sjette ledd og 38 femte ledd,
3. innsyn i dokumenter i saker etter loven her,
4. fornyelse av en designregistrering etter § 24, eller
5. at en sak skal tas under behandling etter § 50,

kan påklages til *Klagenemnden* av den som har fremsatt kravet.

Andre avgjørelser i *Patentstyret* kan ikke påklages.

§ 38 skal lyde:

§ 38 *Behandling av klage*

Andre parter i saken skal snarest mulig gis melding om klagen med en rimelig frist for uttalelse.

Er vilkårene for å behandle klagen oppfylt, kan *Patentstyret oppheve* eller endre avgjørelsen hvis det finner det klart at klagen er begrunnet.

Blir det ikke truffet slik avgjørelse, skal sakens dokumenter sendes til *Klagenemnden*. Gir *Patentstyret* en uttalelse til *Klagenemnden*, skal en kopi sendes til partene.

Hvis vilkårene for å behandle klagen ikke er oppfylt, skal klageren gis en rimelig frist for uttalelse og om mulig retting av manglene. Blir manglene ikke rettet innen utløpet av fristen, skal klagen avvises hvis ikke *Klagenemnden* finner at det bør gis en ny frist for retting.

Tas klagen under behandling, skal *Klagenemnden* foreta de undersøkelser som klagen gir grunn til. Den kan ta hensyn til forhold som ikke er berørt i klagen. Er klagen trukket tilbake, kan *Klagenemnden* fortsette behandlingen av saken hvis det foreligger særlige grunner. Leddet her gjelder bare så langt det er forenlig med § 26 annet ledd.

Enhver kan kreve innsyn i dokumentene i klagesaken. Bestemmelsene i § 21 fjerde og femte ledd gjelder tilsvarende.

§ 39 skal lyde:

*§ 39 Domstolsprøving av avgjørelser fra Klagenemnden for industrielle rettigheter*

*En avgjørelse kan bare bringes inn for domstolene hvis klageretten etter § 36 har blitt brukt, og Klagenemnden har avgjort klagen. Forrige punktum berører ikke retten til å reise søksmål om ugyldighet eller overføring etter §§ 25 og 30.*

*Avgjørelsen i Klagenemnden av klagesak kan bringes inn for domstolene av den parten som avgjørelsen har gått imot, om ikke annet følger av tredje ledd. Søksmål må være reist innen to måneder etter den dagen da melding om avgjørelsen ble sendt vedkommende part. Opplysning om søksmålsfristen skal inntas i meldingen om avgjørelsen. Søksmål rettes mot staten ved Klagenemnden.*

*Avgjørelsen i Klagenemnden av sak om administrativ overføring av en søknad eller registrering kan ikke bringes inn for domstolene. Det samme gjelder avgjørelse der Klagenemnden avviser eller avslår et krav om administrativ oppheving, eller opprettholder en avgjørelse fra Patentstyret om avvisning eller avslag.*

§ 46 første ledd nr. 2 skal lyde:

2. Søksmål om prøving av avgjørelse truffet av *Klagenemnden* som omtalt i § 39.

§ 57 tredje ledd skal lyde:

Ved avslag kan innehaveren av den internasjonale registreringen på de vilkårene som er

fastsatt ved forskrift, kreve at *Patentstyret foretar* en fornyet vurdering av spørsmålet om den internasjonale registreringen skal ha virkning i Norge.

6. I lov 26. mars 2010 nr. 8 om beskyttelse av varemerker blir følgende endringer gjorde:

§ 42 første ledd første punktum skal lyde:

Hvis merkehaveren og den som angriper registreringen av varemerket, er enige om det, kan spørsmålet om registrerings gyldighet eller om sletting kreves endelig avgjort av *Klagenemnden for industrielle rettigheter*.

§ 49 skal lyde:

*§ 49 Klage over avgjørelse fra Patentstyret*

*Avgjørelsen fra Patentstyret av en søknad om varemerkeregistrering eller et krav om at en internasjonal varemerkeregistrering skal ha virkning i Norge, kan påklages av søkeren til Klagenemnden for industrielle rettigheter (Klagenemnden) hvis avgjørelsen har gått søkeren imot. Det samme gjelder avgjørelse fra Patentstyret om å avvise en søknad om internasjonal varemerkeregistrering etter § 68 tredje ledd.*

*Avgjørelsen av en innsigelsessak kan påklages til Klagenemnden av den parten som avgjørelsen har gått imot. Blir et krav om overføring av en søknad etter § 21 eller en registrering etter § 28 innvilget, kan avgjørelsen påklages til Klagenemnden av søkeren eller merkehaveren.*

*Avgjørelsen av en sak om administrativ overprøving etter §§ 35 til 37, jf. § 40, kan påklages til Klagenemnden av den parten som avgjørelsen har gått imot. Dette gjelder ikke avgjørelse om å avvise kravet etter § 40 annet ledd tredje punktum.*

*Avgjørelsen om å oppheve en registrering etter §§ 30 eller 45, eller om å slette en registrering etter § 43, kan påklages til Klagenemnden av merkehaveren.*

*Avgjørelsen om å avvise eller avslå krav om:*

1. gjenopptagelse etter § 23 fjerde ledd
2. unntak fra offentlighet etter § 25 annet ledd, §§ 31, 48, § 51 femte ledd og § 76
3. innsyn i dokumenter i saker etter loven her
4. fornyelse av varemerkeregistrering etter § 33
5. endring av et varemerke etter § 34
6. at saken blir tatt under behandling etter § 80 kan påklages til *Klagenemnden* av den som har fremsatt kravet.

Andre avgjørelser fra Patentstyret kan ikke påklages.

§ 51 skal lyde:

§ 51 *Behandling av klage*

Andre parter i saken skal snarest mulig gis melding om klagen med en rimelig frist for uttalelse.

Er vilkårene for å behandle klagen oppfylt, kan Patentstyret oppheve eller endre avgjørelsen hvis det finner det klart at klagen vil føre frem. Bli det ikke truffet slik avgjørelse, skal saken forelegges for Klagenemnden. Gir Patentstyret en uttalelse til Klagenemnden, skal en kopi sendes til partene.

Hvis vilkårene for å behandle klagen ikke er oppfylt, skal klageren gis en rimelig frist for uttalelse og om mulig retting av manglene. Bli manglene ikke rettet innen utløpet av fristen, skal klagen avvises hvis ikke Klagenemnden finner at det bør gis en ny frist for retting.

Tas klagen under behandling, skal Klagenemnden foreta de undersøkelser som klagen gir grunn til. Den kan ta hensyn til forhold som ikke er berørt i klagen. Er klagen trukket tilbake, kan Klagenemnden fortsette behandlingen av saken hvis det foreligger særlige grunner for dette.

Enhver kan kreve innsyn i dokumentene i klagesaker. Bestemmelsene i § 25 annet og tredje ledd gjelder tilsvarende.

§ 52 skal lyde:

§ 52 *Domstolsprøving av avgjørelser fra Klagenemnden for industrielle rettigheter*

Avgjørelse fra Patentstyret kan bare bringes

inn for domstolene hvis klageretten etter § 49 har blitt brukt, og Klagenemnden for industrielle rettigheter (Klagenemnden) har avgjort klagen. Første punktum berører ikke retten til å reise søksmål om ugyldighet eller sletting etter §§ 35 til 37 eller om retten til varemerket.

*Klagenemndens avgjørelse* i klagesak kan bringes inn for domstolene av den parten som avgjørelsen har gått imot, om ikke annet følger av tredje ledd. Søksmål må reises innen to måneder etter den dagen da melding om avgjørelsen ble sendt vedkommende part. Opplysning om søksmålsfristen skal inntas i meldingen om avgjørelsen. *Søksmål rettes mot staten ved Klagenemnden.*


Avgjørelsen i Klagenemnden av sak om overføring av en søknad eller registrering kan ikke bringes inn for domstolene. Det samme gjelder avgjørelse der Klagenemnden avviser eller forkaster en innsigelse, avviser eller avslår et krav om administrativ overprøving etter § 40, eller opprettholder en avgjørelse fattet av Patentstyret om slik avvisning, forkasting eller avslag.

§ 62 første ledd bokstav a skal lyde:

a) søksmål om prøving av avgjørelse truffet av Klagenemnden som omtalt i § 52

§ 70 fjerde ledd skal lyde:

Ved avslag kan innehaveren av den internasjonale registreringen på de vilkårene som er fastsatt i forskrift, kreve at Patentstyret foretar en fornyet vurdering av spørsmålet om den internasjonale registreringen skal ha virkning i Norge.





Tykk: AS O. Fredt Arnesen. April 2012

241491